



Trafikksikkerheitsplan  
for  
Lesja kommune

-

tematisk kommunedelplan

(jf. plan- og bygningslova §§12-1 og 12-12)



Lesja kommune – kommunestyret sak 35/15

18.06.2015



## FØREORD

Kommunalt trafikksikkerhetsarbeid handlar om å legge til rette for at innbyggjarane kan bevege seg trygt i lokalmiljøet, anten som fotgjengar, syklist eller brukar av motorkjøretøy, og om du er barn, ungdom eller voksen. Trafikksikkerheitsplanen 2015 – 2017 vil danne grunnlaget for trafikksikkerhetsarbeidet i Lesja kommune.

Trafikksikkerhetsarbeid for alle trafikantgrupper er viktige folkehelsetiltak.

Trafikksikkerheitsplanen har fokus på helseperspektivet som er eit satsingsområde for kommunen.

Når kommunen skal rullere trafikksikkerheitsplanen for 2015 – 2017, er det framleis fokus på å få gjennomført bygginga av gang- og sykkelveg langs E136. Her har Lesja-modellen vore avgjerande for arbeidet, og det er viktig at vi kan bruke dei prinsippa vidare. Då kan vi nå målet i planperioden om at det skal vere samanhengande gang- og sykkelveg gjennom heile kommunen. Grunneigarar og Statens Vegvesen har bidrege vesentleg til dette, og har vore gode samarbeidspartnarar for gjennomføringa av trafikksikkerheitsplanen.

Vidare er det behov for framleis å halde fokus på det haldningsskapande arbeidet.

Dette krev at alle involverte må bidra. Lesja kommune ønskjer at revisjonsarbeidet må skape eit engasjement frå alle grupper, slik at planen kan bli meir enn bare ord, og at resultatet blir mindre ulykker og skadar i trafikken.

Trafikksikkerheitsgruppa i Lesja har gjennom heile planperioden lagt ned eit stort arbeid for at så mykje som mogleg i inneverande plan skulle bli realisert. Lesja kommune treng framleis det engasjementet i den neste planperioden.

Revidert utkast til trafikksikkerheitsplan for Lesja – tematisk kommunedelplan har ligge ut til offentleg ettersyn i tida 20.04–10.06.2015, og er godkjend i Lesja kommunestyre 18.06.2015.

Lesja, den 18.06.2015

Steinar Tronhus  
ordførar

# INNHOLD

Føreord .....	2
1 Innleiing .....	5
1.1 Melding om oppstart.....	5
2 Rammer for arbeidet.....	6
2.1 Heimel og planprosess.....	6
2.2 Overordna føringar .....	6
2.3 Trafikksikker kommune .....	6
3 Visjonar og mål .....	7
3.1 Visjonar.....	7
3.2 Hovudmål.....	7
3.3 Delmål .....	7
4 Organisering av trafikksikkerheitsarbeidet i Lesja kommune .....	8
4.1 Trafikksikkerheitsutvalet .....	8
4.2 Sektor for forvaltning og utvikling .....	8
4.3 Sektor for helse, omsorg og folkehelse .....	8
4.4 Barnehagane .....	9
4.5 Skulane .....	9
4.6 Byggande forum.....	10
4.7 Kommunen sitt samarbeid med politiet .....	10
5 Ulykkessituasjonen i Lesja .....	11
6 Tiltak .....	12
6.1 Handlingsplan for fysiske tiltak på og langs vegane i Lesja 2015 – 2017.....	12
6.2 Handlingsplan for opplæring, informasjon og åtferdsregulerande tiltak. ....	14
6.2.1 Trafikksikker kommune.....	14
6.2.2 Lesja kommune som arbeidsgjevar.....	15
6.2.3 Lesja kommune som barnehageeigar .....	15
6.2.4 Lesja kommune som skuleeigar.....	17
6.2.5 Lesja kommune – helse- og omsorgssektoren.....	20

6.2.6 Lesja kommune – kultursektoren .....	21
6.2.7 Lesja kommune som vegeigar .....	22
6.2.8 Lesja kommune – andre interesser .....	22
7 Oppfølging av planen .....	23
8. Administrative og budsjettmessige konsekvensar av planen. ....	24
Vedlegg 1 .....	25
Status på gjennomføring av tiltak frå forrige planperiode. ....	25
Tiltak på kommunale vegar .....	25
Tiltak på riks- og fylkesveier .....	25
Haldningsskapande og adferdsregulerende tiltak .....	25
Andre forhold .....	26
Overikt over tildelte KTS-midler i regionen, 2003–2010.....	26
Vedlegg 2 .....	27
Retningslinjer for tenestereiser i Lesja kommune .....	27

# 1 INNLEIING

Denne planen er nr. 4 i rekka av trafikksikkerheitsplanar for Lesja kommune. Planen skal vere eit styringsverktøy for eit målretta trafikksikkerheitsarbeid i kommunen.

Dei tre føregåande planane har vore svært nytige styringsverktøy i arbeidet for betre trafikksikkerheit i kommunen. Ein systematisk bruk av planen har utløyst kr. 954 000,- i KTS-midlar i perioden 2003 – 2010. Det er i perioden 2010 – 2013 gjennomført mange gode tiltak innanfor trafikksikkerheit. Viktigaste tiltaket er framhald i utbygginga av gang- og sykkelveg langs E 136. Det er nå ferdigstilt ca. 35 kilometer, det ble starta utbygging av ny parsell på 7 km frå Lora til Lesjaverk sommaren 2012. Dette er eit spleislag der grunneigarar har stilt gratis grunn til disposisjon, Lesja kommune i samarbeid med Statens vegvesen står som tidlegare for gjennomføring og finansiering av prosjekta.

Trafikksikkerheitsplan for Lesja kommune 2015 – 2017 er ei vidareføring av tidlegare trafikksikkerheitsplanar, som Trafikksikkerheitsutvalet og sektor for forvaltning og utvikling har vore viktige aktørar i utarbeiding av. Planen er i hovudsak basert på forarbeidet som var i samband med trafikksikkerheitsplanen for perioden 2010 –2013, med innspel frå innbyggjarane, grendelag, helsetenesta, ungdomsrådet, skular og barnehagar som ble kontakta og gjort merksame på moglegheitene for å komme med innspel.

Kartlegging som ble gjort i samband med tidlegare trafikksikkerheitsplan viser at tankar om trafikksikkerheitsarbeidet i kommunane framleis er sterkt forankra i fysiske tiltak. Vi håper at vi med å vidareføre fokus på haldningsskapande tiltak vil medverke til å gi planen tverrfaglig merksem og engasjement ut over fysiske tiltak.

Lokalt trafikksikkerheitsarbeid som har skjedd i Lesja kommune dei siste 15 åra har mellom anna resultert i at vi i konkurransen med andre kommunar ble innstilt av regionvegkontoret som kandidat til «Årets trafikksikkerhetskommune 2012» og enda på landsbasis opp blant åtte finalister.

## 1.1 MELDING OM OPPSTART

Formannskapet i Lesja har i møtet 04.02.15, sak 04/15 gjort vedtak om oppstart av arbeidet med «Tematisk kommunedelplan for trafikksikkerheit i Lesja kommune», jf, plan- og bygningslova § 11-12.

Rullering av trafikksikkerheitsplanen starta opp i 2013. Formannskapet sitt vedtak i sak 04/155 legg til grunn at kriteria for «Trafikksikker kommune» skal leggast til grunn for planarbeidet, og at planen skal oppfylle dei formelle krava i plan- og bygningslova kap. IV om kommunal planlegging.

## 2 RAMMER FOR ARBEIDET

### 2.1 HEIMEL OG PLANPROSESS

Trafikksikkerheitsplanen er utarbeidd som ein tematisk kommunedelplan etter reglane i plan- og bygningslova § 11-1: «...Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. ...», jf. også §§ 11-12, 11-14 og 11-15.

### 2.2 OVERORDNA FØRINGAR

Lesja kommune sin trafikksikkerheitsplan tek utgangspunkt i kriteria for «Trafikksikker kommune». I tillegg er planen samordna med m.a. desse overordna planane og retningslinene:

- Nasjonal transportplan,
- Nasjonal sykkel- og gåstrategi 2010–2019,
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2015–2017,
- Handlingsprogram for fylkesveger 2015–2017 og
- Oppland fylkes trafikksikkerheitsplan 2015–2017.
- Regional plan for folkehelse i Oppland 2012–2016
- Retningsliner for barn og planlegging. (KMD)
- Retningslinjer for bolig-, areal- og transportplanlegging. (KMD)
- Kommuneplan for Lesja.
- Sektorane sine årlege handlingsprogram

Dette har blitt vektlagd for å sikre ein raud tråd i arbeidet frå nasjonalt til lokalt nivå.

### 2.3 TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

I følgje vegtrafikklovens § 40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheita i fylket. Ei viktig oppgåve i dette arbeidet er å påverke og stimulere kommunane til å arbeide målretta og heilskapleg med trafikksikkerheitsarbeidet.

Det er mange lovar og forskrifter som direkte eller indirekte omtalar kommunen sitt ansvar for å forebygge ulykker, drive folkehelse- og trafikksikkerheitsarbeid. Kommunen er pålagt eit ansvar bl.a. som vegeigar, som barnehage- og skuleeigar, stor arbeidsgjevar og kjøpar av transporttenester.

For å ivareta denne heilskapstenkinga er Lesja kommune med i nettverket «Trafikksikker kommune». Kommunen forpliktar seg her til å innføre kriterium i eigen organisasjon som skal vere eit verktøy for å kvalitetssikre kommunen sitt trafikksikkerheitsarbeid. Innføringa av kriteria fører til at kommunen blir godkjend som «*Trafikksikker kommune*» gjennom ei fylkeskommunal godkjenningsordning. Ei godkjenning som «*Trafikksikker kommune*» gjev ikkje fråvere av ulykker, men er eit bevis på at kommunen arbeider heilskapleg og systematisk med trafikksikkerheit. Godkjenninga utløyer vidare eit tilskott til kommunen på

kr. 100.000,-. Lesja kommune har som mål om å bli godkjend som «Trafikksikker kommune» innan juni 2015.

## 3 VISJONAR OG MÅL

### 3.1 VISJONAR

Visjonen om at ingen skal miste livet eller bli hardt skadd i trafikken – «Nullvisjonen» – ligg til grunn for alt trafikksikkerheitsarbeid i Norge.

Visjonar, mål og systematisk trafikktryggleiksarbeid skal gje kommunen eit bra omdøme, trygt lokalmiljø, mindre skadar og fornøgde innbyggjarar.

Det skal vere trygt å ferdast på vegane, og ingen skal bli drepe eller hardt skadd i vegtrafikken i Lesja.

### 3.2 HOVUDMÅL

Det skal vere gode og trygge forhold for bustader i kommunen.

Det skal bli lagt til rette for tryggast mogleg ferdsel i trafikken for både store og små.

Lesja kommune ønskjer å prioritere tryggheit og sikkerheit framfor tilgjenge og vegtrafikk.

### 3.3 DELMÅL

Delmål:

- a) Skape ein trafikksikkerheitskultur i Lesja der flest mogleg tenker og handlar trafikksikkert.
- b) Ingen ulykker med barnehagebarn. Trafikksikkerheit – opplæring og holdningsskapning – skal vere eit viktig tema i alle barnehagar.
- c) Ingen ulykker med skulebarn. Ingen skulebarn skal bli alvorlig skadd på veg til og frå skulen og til og frå fritidsaktivitetar.
- d) Redusere ungdomsulykkene. Tiltak mot aldersgruppa 15–24 år med spesielt fokus på utforkjøringar og møteulykker.
- e) Redusere ulykkene i gjennomgangstrafikken. Lesja er ein transportkorridor til og frå vestlandet. Det gjev mye tungtransport og farane det medfører. Ein større del av dette bør over på jernbanen.
- f) Haldningskapande tiltak mot foreldre/andre vaksne. Desse er rollemodellar for framtidige trafikantar.
- g) Gjennomføre fysiske utbetringar der det i dag er unødig høy risiko.

- h) Fokusere på kommunen si rolle som betydelig vegeigar, skule- og barnehageeigar, arbeidsgjevar og kjøpar av transporttenester.
- i) Fokusere på kommunens rolle som ansvarleg for alle busette si helse, miljø og sikkerheit.

Måla involverer mange ulike sektorar, og det er viktig at alle involverte er seg sitt ansvar bevisst for at kommunen skal lykkast best mogleg med sine målsettingar i planen.

## 4 ORGANISERING AV TRAFIKKSIKKERHEITSARBEIDET I LESJA KOMMUNE

Trafikksikkerheitsarbeidet i Lesja kommune er forankra i kommunestyret. Ansvaret for prosessen med å utarbeide ein ny trafikksikkerheitsplan for perioden 2015 – 2017 er tillagt rådmannen, for å synliggjøre at alle sektorane i kommunen må ta sin del av ansvaret. Det er avgjerande for arbeidet at den enkelte sektorleiar sørger for at eigne tiltak i planen blir gjennomført.

### 4.1 TRAFIKKSIKKERHEITSUTVALET

Trafikksikkerheitsutvalet blir leia av ordførar og består av:

- formannskapet
- utvalsleiarar i Forvalningsstyret og Livsløpstyret
- leiar i Ungdomsrådet,
- leiar i Eldrerådet,
- Leiargruppa
- Barn og unge sin representant i plansaker.

Det skal haldast eit årleg møte (trafikksikkerheitskonferanse) om våren for avklaring av status og prioritering av tiltak for påfølgjande år.

### 4.2 SEKTOR FOR FORVALTNING OG UTVIKLING

Ansvarleg for planlegging og gjennomføring av dei fysiske tiltaka. Ansvarleg for å søke KTS – midlar og gjennomføringa av desse tiltaka.

### 4.3 SEKTOR FOR HELSE, OMSORG OG FOLKEHELSE

I konsultasjonane med gravide par/mødrer/foreldre blir det såkalla gylne augneblikk til samtaler om trafikksikring av barn og vaksne i bil. Det leies ut Besafe – family til gravide, det bidrar til at hoftebeltet blir halde nede på hoftekammen i staden for over magen til den

gravide. Dette hindrar at fosteret blir utsett for ekstrem trykksbelastning ved ein eventuell kollisjon.

Det blir lånt lånt ut godkjende bilstolar til barn frå 0–13 kg. Dei viser korleis setet skal blir montert og informerer om kor viktig det er at det er riktig montert. Dei rår foreldra til å kjøpe ny bilstol når barnet er 13 kg.

Dei deler også ut brosjyra frå Trygg Trafikk; Sikring av barn i bil.

### **Legekontor/helsetjenesten**

Legene har en nøkkelrolle i forhold til å vurdere om folk fyller helsekravene til å få eller beholde førerkort. Førerkortforskriften stiller visse krav til syn, helse, hørsel og førlighet for den som skal føre motorkjøretøy. Kravene er strengere jo større og tyngre kjøretøyet er, og når det skal drives yrkesmessig persontransport. Kravene skal sikre at fører har tilstrekkelig helse til å kunne kjøre sikkert. Helsevikt kan være en sikkerhetsrisiko i trafikken på ulike måter. Noen sinnslidelser (psykiatriske sykdommer) kan føre til manglende dømmekraft og farlig kjøring. Noen medikamenter, spesielt beroligende og sterke smertestillende midler, nedsetter kjøreevnen på liknende måte som alkohol. Rusmisbrukere er betydelig overrepresentert i skadestatistikken. Dersom kraft og styring i armer og ben er nedsatt, kan evnen til å manøvrere kjøretøyet være redusert. Førerkortforskriften har derfor bestemmelser om bl.a. disse forholdene. Riktige og objektive vurderinger fra lege og helsepersonell vedrørende sjåførers helse og egnethet for bilkjøring er svært viktig for trafikksikkerheten.

581 personer i Oppland fikk i 2014 inndratt førerkortet grunnet manglende helse. Dette er en økning på 20 % i forhold til 2013.

Dei hyppigste årsakene til inndragning av førerkort er anfall med bevissthetsforstyrrelse, nevrologiske lidelser, kognitiv svikt, medikamentbruk og rusmisbruk (alkohol/illegale stoffer og medikamenter).

## **4.4 BARNEHAGANE**

Barnehagane gjer ein god jobb med å lære opp barna til å opptre riktig i trafikken som fotgjengere. I tillegg blir lagt det vekt på å bruke refleksvest for å bli sett. Dei nyttar også Tarkus frå TT til ein viss grad. For dei eldste barna har dei bussopplæring som ei tilvenning til skulestart. Dette er eit samarbeid med busselskapet der det blir sett fokus på korleis ein skal opptre på busshaldeplassen og i bussen.

## **4.5 SKULANE**

Som tema skal trafikksikkerheit i følgje læreplanen bli integrert i dei fleste faga på ulike trinn. Eit typisk tverrfaglig emne som druknar litt i den store samanhengen. På barnetrinnet er dei med på refleksteljing i regi av TT. På mellomtrinnet er det eit opplegg med sykkeldagar der ein samarbeider med politiet og fokuserer på bruk av sykkel og trafikksikkerheit i den samanheng. Har eit opplegg for kvart av årstrinna 5., 6. og 7. Har hatt fokus på trafikksikkerheit i forbindelse med foreldremøte for å bevisstgjere foreldra det ansvaret dei har.

6K kommunane har motteke KTS-tilskot dei siste åra til koordinatorar for trafikktryggleik i skulen, og ein trafikksikkerheistkoordinator vart engasjert i perioden 2008 - 2010.

## 4.6 BYGGANDE FORUM

Byggande forum er eit kommunalt tverrfaglig samansett forum som skal arbeide for at barn og unge i Lesja kommune får eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø. Byggande forum skal følgje med på utviklingstrekk og trendar i Lesjasamfunnet med tanke på å kunne bidra til utjamning av sosiale ulikskaper. Lokale og regionale utfordingar og moglegheiter blir ei rettesnor i arbeidet. Byggande forum skal jobbe førebyggande, byggande og helsefremmande. Byggande forum vil spesielt ha fokus på aktivitetar og tiltak som inkluderer alle – også utsette barn og unge. Utfordre foreldre, frivillige lag, foreiningar og dei unge sjølv til å vera sentrale i arbeidet. (frå handlingsplan for tverrfaglig oppvekstmodell 2013–2015)

Forumet har representantar frå fysak/folkehelse, kultursektoren, barne- og ungdomskontakt, skulesjef, helse- og sosialsjef og psykiatri. Forumet har som mål å leggje til rette for best mogleg oppvekstforhold for barn og unge. Her under eit variert fritidstilbod der barn og unge opplever å bli sett, opplever meistring og føler tilhørsel. Dette for å unngå at nokon "fell utanfor." Viktige ingrediensar i trafikksikkerheitsarbeidet.

## 4.7 KOMMUNEN SITT SAMARBEID MED POLITIET

Politiet blir brukt som ein ressurs i mange samanhengar. Dette gjeld alt frå generell informasjon om negativ/positiv utvikling til statistikkar, førebyggande rus- og trafikksikkerheitsarbeid med meir.

Politiet i Lesja og Dovre gjennomfører ca. 500 timer med trafikkontrollar. Dette gjev at ca. 1500 bilister blir kontrollert. Det er ein inngrepsprosent på ca. 10, og reaksjonane er:

- gebyr
- forenkla førelegg
- melding til politiet
- inndraging av førarkort

I tillegg kjem verksemda som Utrykningspolitiet driv i området.

## 5 ULYKKESITUASJONEN I LESJA

I tabell 1 er det gjeve ein oversikt over trafikkulykker i Lesja i perioden 1999–2008.

Tabell 1. Trafikkulykker, alle typar, i Lesja 1999–2008.

Årstall	Dødelige	Meget alvorlige	Alvorlige	Mindre alvorlige	Sum
1999	1	3	5	41	50
2000	3	1	10	36	50
2001	4	2	9	27	42
2002	3	1	10	31	45
2003	3	2	5	26	36
2004	1	3	10	33	47
2005	2	3	11	40	56
2006	6		12	35	53
2007	7	2	8	41	58
2008	3	1	5	25	34
<b>Sum</b>	<b>33</b>	<b>18</b>	<b>85</b>	<b>335</b>	<b>471</b>

Tabell 2. Trafikkulykker med personskader i Lesja 2009–2013

År	Talet på ulykker	Talet på drepte/skadde	Talet på drepte	Talet på hardt skadde	Talet på lettare skadde
2009	5	6	0	2	4
2010	5	7	2	0	5
2011	5	5	0	2	3
2012	4	4	0	3	1
2013	3	7	1	4	2
<b>Sum</b>	<b>22</b>	<b>29</b>	<b>3</b>	<b>11</b>	<b>15</b>

Det er elles utarbeidd ein samlerapport (vedlegg) for trafikkulykker i Lesja som viser at alle alvorlege ulykker skjer på E136. Rapporten viser også at det er utforkøyringar, møteulykker og kryssulykker som dominerer ulykkesbiletet.

## 6 TILTAK

Tiltak for å redusere talet på ulykker og konsekvensar av ulykker, er delt inn i fysiske tiltak og åferdsregulerande tiltak. Under dei fysiske tiltaka er det også teke inn innspel til tiltak på riks- og fylkesvegar. Dei åferdsregulerande tiltaka er delt inn etter kommunen sine ulike forvaltingsområde. Dei estimerte kostnadstala er frå 2013.

Ut over gang- og sykkelvegen mellom Riise bru og Lesjaverk ligg det ikkje inne midler i handlingsprogram for riksvegar i Lesja i perioden 2014–17. Men det ligg inne nokre midlar til trafikktryggleikstiltak (TS-tiltak).

### 6.1 HANDLINGSPLAN FOR FYSISKE TILTAK PÅ OG LANGS VEGANE I LESJA 2015 – 2017.

Tabell 3. Tiltak kommunale vegar.

Prioritet	Tiltak på kommunale vegar	Ansvar for gjennomføring	Pris	År	Merknader
1	Ny veg til Lesja boligfelt, planfri kryssing	Lesja kommune/ Jernbaneverket		2015– 2017	Avhengig av jernbaneverket
2	Trafikkskilt, utskifting og supplering	Lesja kommune	0,1 mill	2015– 2017	
3	Forlenging av gatelys parallelleiwei øst på BJORLI, mot avkj. BJORLIHEIMEN.	Lesja kommune	0,5 mill		Vil bli utført i forbindelse med rundkj. m.m
4	Sikring av kryssande skiløyper på BJORLI.	Lesja kommune/ utbyggingsavtaler	0,1 mill	2015– 2018	Siktrydding og skilting
5	Vegnavn/adresseskilting	Lesja kommune	0,5	2015	
6	Fartsdemping kommunale vegar	Lesja kommune		2015– 2017	Vurderes i kvart enkelt tilfelle
7	Opprusting av veg i LESJASKOG boligfelt	Lesja kommune	0,4 mill	2015	Oppgrusing og asfaltering

8	Utarbeide reg.plan for avkj./trafikkløysing for område avkj. Lyftingsmovegen – Lesja idrettsplass	Lesja kommune	0,2	2015	Samarbeid med Statens vegvesen
9	Sikring av område for på-/avstiging ved Lesja skule	Lesja kommune	0,4 mill		Bussholdeplass m.m.
10	Gatebelysing boligfelt Joramø	Lesja kommune	0,4 mill	2015	Noe utført
11	Gatebelysing langs gang- og sykkelveg	Lesja kommune	0,5 mill	2015–2017	Områder med spes.behov
12	Rydding og betring av siktforhold.	Lesja kommune	0,1 mill	2015–2017	
13	Opprusting av Slådalsvegen	Lesja kommune/Vågå kommune			Pågår
14	Parkering inkl. belysing ved kulturhus	Lesja kommune	0,1 mill	2015	I påvente av endelig løsning

Tabell 4. Innspel til tiltak riks- og fylkesvegar.

Prioritet	Riks- og fylkesveier	Ansvar for gjennomføring	Pris	År	Merknader
1	Utbetring av trange busslommer	Statens vegvesen			Universell utforming
2	Gang-/sykkelveg Hovauk – Kårbø	Statens vegvesen		2013–	Samarbeid Lesja kommune
3	Gang-/sykkelveg Lesjaverk-Lora.	Lesja kommune Statens vegvesen	21 mill		Pågår

4	Gang-/sykkelveg Lesjaskog–Bjorli.	Statens vegvesen	25 mill	2015– 2017	Samarbeid med Lesja kommune
5	Undergang gang-/sykkelveg ved Lyftingsmo.	Statens vegvesen	6 mill	2015–	Samarbeid Lesja kommune
6	Undergang gang-/sykkelveg ved Joramo.	Statens vegvesen	6 mill	2015–	Samarbeid Lesja kommune
7	Utbetring av kryss E 136 ved Lesja Bulldozerlag.	Statens vegvesen		2015–	Samarbeid Lesja kommune
8	Ny bru og veg ved Jora-bru.	Statens vegvesen		2015–	
9	Belysing av snu-/haldeplass for buss ved Brøstvegen.	Statens vegvesen	0,1 mill	2015	Samarbeid Lesja kommune
10	Rekkverk mot kjørebanen haldeplass Joramo.	Statens vegvesen			
11	60-sone Lesja vest utvides fra eksisterande sone til eide dommen Soltun-	Statens vegvesen			

## 6.2 HANDLINGSPLAN FOR OPPLÆRING, INFORMASJON OG

### ÅTFERDSREGULERANDE TILTAK.

#### 6.2.1 TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

Følgjande kriterium skal bli innfridd:

- Kommunen har forankra ansvaret for trafikksikkerheitsarbeidet hos ordførar og rådmann. Delansvar kan ligge hos den enkelte sektorleiar.

2. Kommunen har eit utval med ansvar for trafikksikkerheit.
3. Kommunen har innarbeidd trafikksikkerheit i HMS/internkontrollsystemet som inneheld reglar for reiser og transport i kommunen sin regi, og ved kjøp av transporttenester.
4. Kommunen har oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materiellskader) i kommunen.
5. Kommunen har ein trafiksikkerheitsplan som er forankra i fylket sin trafiksikkerheitsplan. Planen har rullerings- og rapporteringsrutinar. Planen legg opp til både haldningsskapande, trafikantretta og fysisk tiltak.
6. Kommunen har innarbeidd kriteria / sjekklistene for kommunen sine sektorar (HR, barnehage, skule, kultur, helse og veg)
7. Kommunen påverkar lag og foreiningar til å innarbeide reglar for trafikksikkerheit i si verksemd.

#### **6.2.2 LESJA KOMMUNE SOM ARBEIDSGJEVAR**

- Det er naturlig at du bruker refleks i mørket.
- Det er ønskelig at du bruker sykkelhjelm.
- Kjører du motorsykkelen skal du bruke hjelm, hanske, støvler, ryggskinne og dress som er produsert for kjøring på motorsykkelen.
- Du skal alltid bruke påbudt og montert sikkerhetsutstyr i bil, holde fartsgrensen, og kjøre rusfritt.
- Du skal ha eit bevisst forhold til bruk av mobiltelefon når du kjører bil, sjølv om du har handsfree utstyr. Teksting og bruk av andre elektroniske enheter er utelukket.
- Du skal rygge bilen inn ved parkering der dette er mogleg.
- Viss du som passasjer opplever høy risiko og at føreren bryter trafikkreglene under kjøring, skal du be føreren om å kjøre forsvarlig.

**Tabell 5. Tiltak som arbeidsgjevar.**

Retningsliner for kjøring i kommunal teneste	<p>Dei som kører i kommunal teneste har eit ansvar for kommunen sitt ansikt mot omverda i trafikksikkerheitssamanheng også. Det bør vere ei sjølvfølgje at trafikkreglar blir følgde til punkt og prikke.</p> <p>Utarbeide reisepolicy for tenestereiser og transport i kommunens regi der retningsliner i vedlegg 2 blir lagt til grunn.</p>	Alle som kører i kommunens teneste.
---	---	-------------------------------------

#### **6.2.3 LESJA KOMMUNE SOM BARNEHAGEEIGAR**

Tiltak: Trafikksikkerheit i barnehagen generelt Trafikkopplæring bli integrert som ein del av barnehagen sin omsorgs- og opplæringsarbeid og bli nedfelt i barnehagen sin årsplan.

- Det blir stilt krav til busselskap og drosjer om belte og trafikksikker åtferd ved kjøp av transporttenester
- Tilsette kjenner rutinar for handtering av uføreutsette faresituasjonar og hendingar på turar
- Barnehagen har utarbeidd rutinar for å ivareta sikkerheten på turar til fots, med bil eller buss

Tiltak: Trafikkopplæring i barnehagen

- Barna lærer enkle trafikkregler for fotgengrarar
- Barna lærer om sikring i bil, sykkelhjelm og refleks

Tiltak: Samarbeid mellom barnehage og heim

- Rutinar for å ivareta barnas sikkerhet ved barnehagens parkeringsplass og port blir gjennomgått årleg med foreldre og tilsette
- Det stilles krav til foreldre om å sikre barn på veg til og frå barnehagen
- Trafikksikkerheit og trafikkopplæring er eit integrert tema på foreldremøter
- Foreldre skal bli involvert i barnehagen sitt trafikksikkerheitsarbeid.

Tabell 6. Tiltak i barnehagane

Barnehagar	2015–2017	Gjennomføre trafikksikkerheitsopplæring i tråd med krava i læreplanen.  Lære barna riktig oppførsel som forgjengrarar.  Lære barna kor viktig det er å bruke refleks, sykkelhjelm og å sitte riktig fastspent i bil.  Sende personell på kurs hos TT og nytte Tarkus i den generelle trafikkopplæringa.  Samarbeide med TT, politi og Statens vegvesen for å oppnå: <ul style="list-style-type: none"> <li>- at barna tidlig får gode relasjonar til desse.</li> <li>- at foreldre på foreldremøter blir bevisstgjort det ansvaret dei har som rollemodeller for sine barn.</li> </ul> Samarbeid med busselskapet om opplæring i korleis ein skal opptre på haldeplass og i bussen.	Barnehagen
Foreldre		Foreldre må ta hovudansvar for sine barn og bidra til at dei blir robuste og gode samfunnsborgarar. Dei må vere gode	Barnehagen

		<p>rollemodellar, og på det viset gjøre livet lettare for seg sjølv når ungdomstida set inn. Foreldra må "bry seg" og insistere på å ha innsikt i det meste barna foretar seg, for eksempel nettbruk, kven dei omgås, kva dei gjer, kva dei ser på tv, osv.</p> <p>Lesja kommune bør innføre årlege obligatoriske kurs for sine tilsette. Dette vil bidra til auka fokus på trafikksikkerheit i kommunen og at ein når mange foreldre med viktig informasjon. Trygg Trafikk skreddarsyr kursopplegg for bedrifter. Dette vil krevje pengar, men 20 millionar kan vere spart viss ein unngår at ein blir alvorlig skadd.</p>	
--	--	---	--

#### 6.2.4 LESJA KOMMUNE SOM SKULEEIGAR

Tiltak: Trafikksikkerheit i skulen generelt.

- Skulen har ein plan for å ivareta elevenes sikkerhet til og frå skulen, enten dei går, syklar eller blir kjørt
- Skulen har utarbeidd rutinar for å ivareta sikkerheten på turar til fots, på sykkel, i bil/buss eller med kollektivtransport i skulens regi
- Skulen har gode rutinar for at planane blir følgd av dei tilsette og har ein trafikkansvarlig lærer
- Tiltak: Trafikkopplæring i skulen
- Skulen har integrert trafikkopplæring i lokal læreplan/ årsplan i tråd med Kunnskapsløftets kompetanse mål
- Skulen legger til rette for at det blir gjennomført god trafikkopplæring (for eksempel ved innkjøp av materiell eller kursing av tilsette)
- Tiltak: Samarbeid mellom skule og heim
- Skulens læreplan for trafikk er årlig tema på foreldremøte
- Foreldre blir involvert i skulens trafikksikkerheitsarbeid gjennom for eksempel Foreldrenes arbeidsutval (FAU)

Tabell 7. Tiltak i skulane

Skular	2015–2017	Gjennomføre trafikksikkerheitsopplæring i tråd med læreplanen.  Forhåpentlegvis går det i orden med pengar til å lønne ein lærer som er hovudansvarleg for trafikksikkerheitsarbeidet på kvar skule i Lesja. Det vil då bli gjennomført 38	Skulesjef
--------	-----------	--	-----------

	<p>læretimer på kvar skule i året. Eit viktig tiltak for å vitalisere trafikksikkerheitsarbeidet i skulane. Trygg Trafikk får her ein sentral rolle som faginstans med mye godt undervisningsmateriell på nettet.</p> <p>Nytte seg av eksterne aktørar for å sette ekstra fokus på trafikksikkerheit både hos barn og foreldre.</p> <p>1.– 3. trinn:</p> <p>Gjennomføre minst eit foreldremøte der enten kjøreskule, politi, Trygg trafikk eller Statens vegvesen minner om foreldrenes ansvar for barns haldningar og oppførsel. Dette som eit ledd i ansvarleggjering av foreldra og få dei til å tenke konsekvensar av egen oppførsel. Generell grensesetting og samordning av desse foreldra imellom er viktig. Vet at det er godt fokus på dette i dag også. Barnas oppfatning av førarrolla er sterkt befesta allereie ved 10–12 års alder, derfor er det viktig at foreldra kjenner si vitjingsstid. Framleis er det ganske overkommeleg å påverke barna sine haldningar på godt og vondt.</p> <p>4. trinn:</p> <p>Invitere politiet til å komme til klassen for å informere om trafikksikkerheit. Også viktig at det blir gode relasjonar mellom politi og elevar på eit tidlig tidspunkt. Kan vere nyttig på eit seinare tidspunkt i livet.</p> <p>5. trinn:</p> <p>Invitere ambulanse- og brannmannskaper som demonstrerer og fortel om kva dei gjer når ulykker skjer. Kan også bli kombinert med enkel førstehjelpsopplæring, og</p>	
--	--	--

		<p>samordna med dagens sykkelopplegg.</p> <p>6. trinn:</p> <p>Invitere Statens vegvesen som informerer om trafikkulykker, fartsgrenser, vegbygging og andre ting dei jobbar med. Kan bli samordna med dagens sykkelopplegg.</p> <p>7. trinn:</p> <p>Invitere ein køyelærer til eit foreldremøte for å på ny minne foreldra om at barna deira nå nærmar seg den farlegaste perioden i livet. Gi foreldra faktaopplysninga om den reelle risikoen som barna deira blir utsett for dei nærmaste åra.</p> <p>8.– 10. trinn:</p> <p>Gjennomføre foreldremøter med fokus på rus og trafikksikkerheit slik som før.</p> <p>Også viktig å bruke politiet førebyggande i denne perioden for å skape gode relasjoner mellom politiet og ungdommen.</p>	
Krav til dei kommunen kjøper transporttenester av.		<p>Det er viktig at Lesja kommune stiller krav til dei som utfører transporttenester i kommunal regi. I avtala bør det bli spesifisert slikt som er viktig for trafikksikkerheita, eks: krav til sikkerhetsbelte i bussar, sitteplassar til alle i busser, ikkje snakke i handhalde mobiltelefon, følgje fartsgrensene. Konsekvensane av å ikkje følgje punkta bør også med i avtala.</p>	Sektorsjef og evt. andre som leier inn trsp.tenester.
Foreldre		<p>Foreldre må ta hovudsvar for sine barn og bidra til at dei blir robuste og gode samfunnsborgarar. Dei må vere gode</p>	

		<p>rollemodellar, og på det viset gjøre livet lettare for seg sjølv når ungdomstida set inn. Foreldra må "bry seg" og insistere på å ha innsikt i det meste barna føretok seg, for eksempel nettbruk, kven dei omgås, kva dei gjer, kva dei ser på tv, osv.</p> <p>Lesja kommune bør innføre årlege obligatoriske kurs for sine tilsette. Dette vil bidra til auka fokus på trafikksikkerheit i kommunen og at ein når mange foreldre med viktig informasjon. Trygg Trafikk skreddersyr kursopplegg for bedrifter. Dette vil krevje pengar, men 20 millionar kan vere spart viss ein unngår at ein blir alvorlig skadd.</p>	
--	--	---	--

## 6.2.5 LESJA KOMMUNE – HELSE- OG OMSORGssektoren

### Tiltak: Generelt helsearbeid

- Ha oversikt over helsetilstanden i kommunen og tiltak for å førebygge ulykker
- Fremme folkehelse, spreie opplysning og gi råd om kva innbyggjarane sjølv kan gjøre for å førebygge skader

### Tiltak: Arbeid retta mot barn og unge

- Delta/gi innspel om tiltak for sikre skuleveger i kommunen
- Informere om sikring av barn i bil

### Tiltak: Arbeid retta mot eldre trafikantar

- Stimulere til auka refleksbruk blant eldre
- Informere om ruspåverka køyring i forbindelse med bruk av reseptbelagde medisinar
- Stimulere til deltaking i 65+

### Tiltak: Arbeid retta mot innvandrarar

- Grunnleggjande trafikkopplæring i introduksjonsprogrammet for busette flyktningar.

Tabell 8. Tiltak i helse- og omsorgssektoren

Helsestasjon, helsesøster, jordmor	2015– 2017	Trafikksikkerhetsinformasjon til gravide og ferske foreldre, spesielt med fokus på sikring av barn i bil. Utdeling av TT's brosjyre om sikring av barn i bil.  Utleie av Besafe-family til gravide.  Utleie og opplæring i innfesting av godkjente bilstoler til barn fra 0–13 kilo.	Sektorsjef
Barnevern, ungdomsarbeidaran	2015– 2017	Viktig å gi desse tilstrekkelege ressursar til å gripe inn der kor det er nødvendig av ulike grunnar. Dette er også viktig for trafikksikkerheten på lengre sikt. Barn og unge som "fell utanfor," blir ofte farlege trafikantar med likegyldige haldningar til konsekvensar av egne handlingar. 35 % av dei som forårsakar dødsulykker i trafikken, er tidlegare straffedømt for vold-, narkotika-, vinnings- og / eller annen kriminell verksemد.	Sektorsjef

## 6.2.6 LESJA KOMMUNE – KULTURSEKTOREN

Tiltak: Generelt kulturarbeid

- Legge til rette for fritidsaktiviteter for alle innbyggjarane, helst i nærområdet for å redusere transportarbeidet
- Oversikt over kommunens lag og organisasjonar

Tiltak: Arbeid retta mot frivillige organisasjonar og idrettslag

- Stimulere og forsterke det frivillige trafikksikkerhetsarbeidet
- Stimulere lag og foreninger til å innarbeide regler for transport / reisepolicy innanfor eiga verksemد.

Tabell 8. Tiltak i kultursektoren

Kultursektoren	Viktig at det gis tilstrekkelig ressursar til kulturtilbod for barn og unge. Det er viktig at barn opplever meistring og at det blir sett og anerkjent. Dei aller fleste har talent for eit eller anna. Det er viktig at den enkelte får moglegheit til å dyrke interessa si. Det å mestre noe gir god sjølvkjensle. Sjølvkjensle er sjølve grunnmuren i livet. Den er veldig viktig	Sektorsjef
----------------	--	------------

	<p>med tanke på å tørre å ta sjølvstendige og gode val seinare i oppveksten. Det er også kjempeviktig i trafikksikkerheitssamanheng.</p> <p>Det må med andre ord snarast bli løyvd tilstrekkelig med midlar til kulturskulen i Lesja og Dovre, slik at dei lange ventelistene blir borte. Her snakkar vi om viktig førebyggande arbeid som garantert bidrar til lågare totalutgifter for kommunen i eit lengre tidsperspektiv.</p>	
Kultursektoren	Friviljuge lag og organisasjonar som mottek kommunalt tilskott må ha strategi for trafikksikkerheitstiltak inkludert i sin handlingsplan.	Sektorsjef

## 6.2.7 LESJA KOMMUNE SOM VEGEIGAR

### Tiltak generelt

- Teknisk etat har ansvar for kommunens drift og vedlikehald av kommunens vegar og har innarbeidd rutinar slik at trafikksikkerheten i størst mogleg grad blir ivaretatt
- Teknisk etat planlegger og gjennomfører fysiske trafikksikkerheitstiltak som er prioritert innanfor kommunens økonomiske rammer

### Tiltak på kommunalt vegnett

- Liste i prioritert rekkefølge med omtale av sted, vegnummer, kva som er problemet på steden og kva for tiltak som er tenkt utført i planperioden.
- Tiltak på fylkeskommunalt vegnett
- Liste med tiltak som er med i handlingsprogrammet for fylkesveger i perioden 2015–2017.

Sjå elles tabell 3.

## 6.2.8 LESJA KOMMUNE – ANDRE INTERESSER

Tabell 9. Andre tiltak.

Landbruk	Ansvar
Landbrukskontoret må jamnleg i sine informasjonsskriv oppfordre tilsette i landbruket om å opptre hensynsfullt i trafikken. Her under følgje regler for køyring med brei eller farleg reiskap, krav til lys, sleppe forbi køen, med meir.	Sektorsjef

## 7 OPPFØLGING AV PLANEN

Denne planen er utarbeidd som ein kommunedelplan og er underlagt reglane i plan- og bygningslova. Oppfølging av planen krev at politikarar sørger for nødvendige ressursar i form av pengar og mannskap. I neste omgang må administrasjonen sørge for at tiltaka i planen blir gjennomført på best mogleg måte.

Livsløpsstyret og Byggande forum vil vere viktige forum for å samordne aktiviteten og sørge for best mogleg utnytting av ressursane til det haldningsskapande trafikksikkerheitsarbeidet. Sektor for forvaltning og utvikling vil framleis ha ein god kontroll på gjennomføring av dei fysiske tiltaka. Det vil vere nyttig at dei som er ansvarlege for dei haldningsskapande tiltaka set seg saman med sektor for forvaltning og utvikling i forkant av søknadsfristen for KTS-midlar som er 1.februar kvart år. Dette for å bli einige om ein fordeling av midlar til ulike tiltak det kan bli søkt om pengar til frå fylkeskommunen.

### Handlingsprogramma

Vidare blir det føreslege at trafikksikkerheitsutvalet fungerer som eit kontrollorgan for å sjå til med at planen blir følgd opp av dei som er gjeve hovudansvar for dei ulike tiltaka.

Tidlegare erfaringar viser at det i stor grad har vore teknisk sektor som har utarbeidd trafikksikkerheitsplanane rundt om i kommunane. Det har medført at andre sektorar i liten grad har følt eigarskap til planen og dermed er oppfølginga av dei haldningsskapande tiltaka blitt så som så.

Trafikksikkerheitsplanen definerer nå klart og tydelig kven som har ansvar for kva, og ansvaret er lagt på sektorsjefane. Viktig at dei engasjerer seg for å få bevegelse i massen nedover i systema.

Trafikksikkerheitsutvalet bør med andre ord fungere som ei "vaktbikkje" for oppfølging av trafikksikkerheitsplanen. Det kan ein gjere ved å arrangere eit evalueringsmøte ein gang i året der man vurderer det som er gjort, føretek nødvendige endringar, og lagar ein liten handlingsplan for neste år. Trafikksikkerheitsutvalet bør så presentere handlingsplanen for dei folkevalde slik at dei blir bevisst på kva som gjøres på det haldningsskapande området også.

Ordføraren er øvste ansvarleg for HMS-arbeidet i kommunen, han er medlem i trafikksikkerheitsutvalet, slik sett passer det bra at utvalet har eit overordna ansvar for at planen blir følgd.

## **8. ADMINISTRATIVE OG BUDSJETTMESSIGE KONSEKVENSAR AV PLANEN.**

Lesja kommune har i budsjettperioden 2015–2017 foreslått følgjande:

... millionar til bygging av ny gang- og sykkelvei.

... millionar til kommunale vegar og generelt trafikksikkerheitsarbeid.

Statens vegvesen vil i same periode bidra med ca. ... millionar til ny gang- og sykkelvei.

Kommunen vil kunne håpe på å dra i land minst 500 000 kr i KTS-midlar i planperioden.

Alt i alt vil det bli brukt ca. ... millionar kroner i Lesja til trafikksikkerheit i planperioden.

Når det gjelder haldningsskapande tiltak så er det ei forventing at barnehagar, skular, helsevesen og barnevern får det dei trenger til å drive førebyggande arbeid ihht. lover og regler.

Elles så bør ein snarast sørge for at det blir løyvd tilstrekkelig med pengar til kulturskulen slik ventelistene der forsvinn. Det er viktig at alle finner "sin greie" tidligast mogleg og får ein arena der dei kan oppleve å bli sett og oppleve mestring tidligst mogleg.

Folkevalde og administrasjonen skal vere stolte av innsatsen dei gjer på dette området for å bidra til ein tryggast mogleg tilvere for innbyggjarane i kommunen.

Ein sekundæreffekt av satsinga på gang- og sykkelveier er moglegheita for fysisk utfalding og satsinga gir dermed ein helsegevinst som er av viktig for livskvaliteten blant innbyggjarane i Lesja.

## **VEDLEGG 1**

### **STATUS PÅ GJENNOMFØRING AV TILTAK FRÅ FORRIGE PLANPERIODE.**

#### **TILTAK PÅ KOMMUNALE VEGAR**

1. Ny veg til Lesja boligfelt, planfri kryssing av jernbane ikkje utført.
2. Utbetring Rise bru, ny kulvert over jernbane ferdig høsten 2012..
3. Forlenging av gatelys parallellegg øst på Bjarli, ikkje utført.
4. Sikring av kryssande skiløyper på Bjarli, kulvertved Vetlegrenda i Skriuvegen ferdig..
5. Opprusting av veg i Lesja boligfelt inkl. gatebelysing er utført.
6. Fartsdempere i Lesja boligfelt, skilting med 30 km forbi barnehage, ellers kontinuerlig vurdering v nødvendige tiltak.
7. Opprusting av veien i Lesjaskog boligfelt er ikkje utført, kun vanlig vedlikehold.
8. Gatebelysing Åsenveien (Lyftingsmo) er utført og ferdig høsten 2010.
9. Sikring av område for på og avstigning ved Lesja skule er delvis utført, flyttet til P-plass ved Tunstugu.
10. Gatebelysing i Joramo boligfelt ikkje utført.
11. Gatebelysing langs gang–sykkelveg, delvis (kun i sentrumsområder).
12. Rydding og betring av siktforhold er ein årlig prosess.

#### **TILTAK PÅ RIKS– OG FYLKESVEIER**

Gang- og sykkelveier, status:

- Lyftingsmo – Stavheim, 4,5 km, er ferdig.
- Lesjaverk N – Bryggen, 6,0 km, er ferdig.
- Holaker – Bøe, 1,0 km. Midlertidig løsning ferdig.
- Lesjaskog – Bryggen, 3,8 km, er ferdig.
- Bottheim – Hovauk 2,4 km, ferdig høsten 2012.
- Joramo – Bottheim 6,0 km, ferdig 2009/2010.
- Bøe – Hole, 3,3 km, er ferdig.
- Hole – Lesja innkjøpslag, 0,9 km, er ferdig.
- Lesja innkjøpslag – Lesja sjukeheim, 1,0 km, er ferdig.
- Lesja sjukeheim – Belle, 2,0 km, er ferdig.
- Belle – Lyftingsmo, 3,4 km, er ferdig.
- Rise bru – Lesjaverk, oppstart anleggsarbeide sommer 2012

#### **HALDNINGSSKAPANDE OG ADFERDSREGULERENDE TILTAK**

- Kampanje for refleksbruk og sykkelhjelm.
  - Deltar på reflekstelling i regi av Trygg Trafikk. Arrangerer fast sykkeldag på mellomtrinnet med fokus på hjelmbruk og med politi som tar teknisk kontroll på syklene.

- Haldningsskapande trafikkopplæring i skule og barnehage.
  - Godt fokus på korleis ein skal opptre som fotgjenger i barnehagen samt fokus på å seog bli sett.
  - Bruker Tarkus frå TT i noe grad.
  - Sykkeldager på mellomtrinnet.
- Lokalt tilpassede kampanjer og informasjonstiltak.
  - Trafikksikkerheitsutvalet har møter med grendeutvalgene når det er behov. Ellers så deltar idrettslaget i kampanjen "Trafikksikker fotballklubb."
- Trafikkontroller
  - Politiet har hyppige kontroller i kommunen og gjer mye for å holde farten på eit anstendig nivå.
- Ulykkesrisikovurderinger i bedrifter
  - Ligger under HMS-systemet i dei enkelte bedrifter.
- Bilbeltebruk
  - Politiet gjennomfører kontroller.
- Sikring av barn i bil
  - Helsestasjonen fokuserer på dette. Dei låner ut godkjente barnestoler og gir kyndig veiledning. Temaet blir også berørt på foreldremøter.
- Tverrfaglig samarbeid
  - Trafikksikkerheitsutvalet er til ein viss grad er tversektorielt sammensatt.

## ANDRE FORHOLD

Lesja kommune har brukt trafikksikkerheitsplanen aktivt og har oppfylt dei fleste punktene som omhandler fysiske tiltak. Dette er mye takket vere at ein har søkt og fått innvilget mye KTS- midler. KTS-midlene dekker 50 % av kostnadene og kommunen bevilger dei resterende 50 %. Takket vere at trafikksikkerhetstiltak er høyt prioritert, så har Lesja fått utrettet mye positivt.

Kommunen, med ordføreren i spissen, har eit godt samarbeid med representanter frå Statens vegvesen. Dette fruktbare samarbeidet har resultert i blant annet eit unikt gangveiprosjekt.

Dette har også gjeve innbyggjarane muligheter for mer fysisk aktivitet og større livskvalitet.

På det haldningsskapande området foregår det også mye bra arbeid, men det er framleis noe å hente på dette området. Tiltak er på gang og vil bli nærmere beskrevet i handlingsplanen i den nye planen.

## OVERIKT OVER TILDELTE KTS-MIDLER I REGIONEN, 2003–2010

- Dovre kommune      322 500 kr
- Lom kommune        63 000 kr

- Sel kommune 613 751 kr
- Vågå kommune 589 852 kr
- Skjåk kommune 142 203 kr
- Lesja kommune 954 246 kr

## VEDLEGG 2

### RETNINGSLINJER FOR TENESTEREISER I LESJA KOMMUNE

#### Innleiing

Retningslinene omfattar krav til reisemåte, køyrety og til riktig åtferd i trafikken. Alle som arbeider i Lesja kommune skal ha kunnskap til, og forstå betydningen av sikker og miljøtilpassa transport. Dei tilsette skal i sin åtferd i trafikken virke som gode forbilder og på den måten bidra til økt trafikksikkerheit.

Det er eit viktig mål for Lesja kommune at tenestereisene skal ivareta medarbeidarane sine individuelle føresetnad og behov, og at reisene foretas ut frå omsyn til trafikksikkerheit og med minst mogleg belastning på miljøet.

Retningslinene gjeld for alle tilsette som ferdes i trafikken i kommunens teneste, det være seg til fots, på sykkel eller motoriserte køyrety (her under også eigne køyrety som blir nytta i tenesta).

I dei tilfelle der det førekjem konfliktar mellom ulike kvalitetsmål, skal tryggheit og sikkerheit ha høgste prioritet og overstyre eventuelle konfliktar med andre kvalitetskrav.

#### Målsetting

Det er eit viktig mål for Lesja kommune at tenestereiser skal ivareta medarbeidarane sine og innbyggjarane individuelle føresetnad og behov, og at reisene skjer ut frå omsyn til trafikksikkerheit, og eit trygt og sikkert arbeids- og bumiljø med minst mogleg belastning på miljøet.

#### Forholdet til lover og forskrifter

Dei fleste trafikkulykkene har samanheng med trafikantane sin åtferd, og det som styrer denne. Konkrete feilhandlingar eller uheldige handlingsval frå trafikantane si side har som regel anten forårsaka eller medverka til ulykka. Forsking viser at den menneskelege faktoren aleine står for 68 % av ulykkene. Tas også ulykker der den menneskelege faktor verkar saman med andre faktorar (køyretøy og veg) blir denne andelen over 90 %. Dette medfører at det i større grad må bli sett fokus på trafikantane si åtferd.

Medarbeidarane skal alltid følgje føresegne i vegtrafikklova, men vi legg særlig vekt på at tilsette i Lesja kommune skal:

- forsikre seg om at kjøretøyet er i forskriftsmessig og forsvarlig stand
- være upåvirket av alkohol, andre rusmidler eller trafikkfarlige medikamenter
- være opplagt, våken og for øvrig skikket til å kjøre på en trygg måte
- kjøre med riktig hastighet og ikke overskrid fartsgrensene
- bruke bilbelte, samt påse at passasjerer bruker bilbelte og at barn er riktig sikret i godkjent barnesikringsutstyr
- i størst mogleg grad unngå bruk av mobiltelefon under kjøring. Der mobilbruk er påkrevd skal "handsfree" blir nytta.
- holde kjøretøyet ren og ryddig
- oppdre aktpågivende og varsomt både under transport med køyrety og som fotgjenger
- som syklist benytte hjelm
- som fotgjenger bruke refleks i mørke
- som passasjer, varsle føreren dersom denne bryter trafikkreglene

#### Bil som blir nytta i tenesta skal

- være i forskriftsmessig stand
- skal ha beskyttelse ved kollisjoner i henhold til gjeldende EU-direktiv
- være utstyrt med piggfrie dekk dersom forholdene tillater det
- skal ha hjelpeutstyr som førstehjelpspute og brannslukningsapparat i
- skal ha brosjyren "Førstehjelp på ulykkesstedet"
- skal ha hodestøtter riktig innstilt
- være så miljøvennlig som mogleg.